

Stad kommune
Rådhusveien 11
6770 Nordfjordeid

Dato	20.04.2026
Vår referanse	2022/84020-34
Dykkar referanse	2026/6530
Sakshandsamar	Ingunn Bårtvedt Skjerdal
E-post	Ingunn.Bartvedt.Skjerdal@vlfk.no
Telefon	45723354

Fråsegn til endring etter forenkla prosess - detaljregulering for Kjøde næringsområde - Stad kommune

Vi viser til brev datert 30.3.26 om høyring av detaljregulering for Kjøde næringsområde etter forenkla prosess. I samband med rammesøknaden for skipstunnelen har det kome fram at den vedtekne reguleringsplanen er uklar.

Vestland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. For kommunane i Sogn og Fjordane og kommunane i Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

Vurdering

Planfaglege merknader

Det er søkt om fleire endringar av detaljreguleringsplanen for Kjøde næringsområde og kommunen har framstilt søknaden og vurderingane sine grundig. Det er søkt om endringar av plankartet og endringar av føresegnene til planen. Kommunen er positiv til at endringane kan gjennomførast som endring av detaljreguleringsplanen etter enkel prosess.

Samferdse!

Vår rolle

Som vegstyresmakt har Vestland fylkeskommune ansvar for arealbruk, trafikktryggleik og framkomme langs fylkesveg. Vi har og ansvar for at areal- og transportpolitiske føringar vert tatt høgde for i planlegginga, og at vegstrukturen vert utforma i samsvar med vegnormalkrava, jf. handbok N100.

Omsynet er mellom anna forankra i regional transportplan for Vestland (2022 - 2033) og i Rammeplan for fylkesveggar i Vestland.

Uttale

Fylkesveg 620 går gjennom planområdet. Vestland fylkeskommune har vore i omfattande dialog med Kystverket og Stad kommune for å ivareta omsyna til fylkesvegen i planarbeidet både for å sikre fylkesvegane i ferdig utbygd tiltak, men også i samband med anleggsarbeidet som skal gå over fleire år.

Fylkeskommunen ønskjer at mest mogeleg av anleggsverksemda og anleggstrafikken skjer i god avstand frå fylkesvegen, og at talet tilkoplingspunkt og kryssingar av fylkesvegen er avgrensa. Det er uklart for fylkeskommune kva utvidinga av mellombels bygge- og anleggsområde og alternativ/supplerande trase for dumper-trafikk frå nedre del av anleggsområdet har å seie for fv. 620. Dersom endringa påverka tilhøve knytt til fylkesvegen må dette skje i dialog med vegeigar.

Konklusjon

Vestland fylkeskommune har merknader til planforslaget når det gjeld forholdet til fylkesvegen i området. Dei konkrete innspela går fram av teksten over. Vi ber om at desse merknadene vert teke omsyn til i prosessen vidare.

Med helsing

Eva Katrine Ritland Taule
Fagansvarleg kommunal plan
NPI - Plan, klima og analyse

Ingunn Bårtvedt Skjerdal
seniorrådgjevar
NPI - Plan, klima og analyse

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi mottakarliste

Statsforvaltaren i Vestland	Statens hus - Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
-----------------------------	----------------------------	------	-----------

Intern sakshandsamarliste

Gunnhild Sande	INV - Vegforvaltning Vestland
----------------	-------------------------------